

## **Då Europaunionen vart Europa**

Av Torbjørn Tuft. Landbrukets Utredningskontor.

Klassekampen. 10. februar 2004

**I offisielle dokument frå Europaunionen har det i dei seinare åra utvikla seg eit verdsbilete der den avgrensa Unionen utan ope medlemskap er synonymt med verdsdelen Europa. Geografiske, demografiske, politiske og historiske fakta vert ignorert og forvrengt frå den politiske eliten i deira jakt på legitimitet for sine politiske prosjekt. Spørsmålet er om retorikken frå leiarskapet i Unionen samsvarar med verklegeheita.**

Laeken-erklæringa frå toppmøtet i 2001, som etablerte Konventet og ”utkastet til traktat om ein forfatning for Europa”, her omtala som grunnlovstraktaten, vert nytta for å visualisere retorikken Unionen sitt politiske leiarskap nyttar.

Utkastet til grunnlovstraktaten som EU sitt toppmøte i Brussel i desember, ikkje greidde å semjast om, er ei oppfølging av Laeken-erklæringa. Erklæringa etablerte eit ”Konvent for Europas framtid”, med mandat til å utforme eit nytt traktatgrunnlag for EU, og slik erstatte Roma-traktaten og alle etterfølgjande traktatar. Utgangspunktet i erklæringa er at ”Europa står ved ein korsveg”. Denne kronikken stiller spørsmål om det er Europa, Unionen utaler seg om, og om dette Europa i så fall er slik leiarskapet hevdar.

I dei seinare år er det i offisielle dokument og taler sjeldan referert til EU, men derimot vert Europa nytta som nemning på EU. Forordningar er no kalla ”Europalover”, ”Den Europeiske sentralbank” er stifta, og grunnlovstraktaten etablerer ”Europa-domstolen”, og slik kan ein halde fram. Men tilbake til Laeken-erklæringa, som slår fast følgjande forhold:

”Den Europæiske Union er en succes. Der har nu i over et halvt århundre været fred i Europa”.  
(Laeken-Erklæringen – Om Den Europæiske Unions Fremtid, dansk utgåve).

Det er interessant at i Laeken-erklæringa vert omgrepet Europa tilnærma konsekvent retorisk nytta for EU-15, som i sitatet ovanfor, om fred i Europa. Til tider er det klart at eit framtidig EU-25 kan ligge bak argumenta. Likevel var dette minimum tre år fram i tid i 2001, og uansett er det god grunn til å stille spørsmål om det har vore fred i Europa i over femti år.

Det har ikkje vore nokon klar krigstilstand i EU, men det har vore sterke konflikthar knytt til frigjeringsrørsler som den baskiske separatistrørsla ETA i Spania, konflikten i og om Nord-Irland, samt frigjeringsrørsla på Korsika. Likevel kan dette karakteriserast som fråvær av fred per i dag, sjølv innan Unionen. Om ein ser utover Unionen og kontinentet Europa, er det vanskeleg å sjå at det har vore fred i Europa i over eit halvt århundre. Det kan hevdast at alle dei væpna konfliktane på Balkan på 90-tallet ikkje var noko typisk fredleg tilstand. Satt på spissen kan òg konflikthar og krigshandlingar i Europa, som til dømes Tyrkia si handsaminga av kurdarane, skildrast som lite fredlege. Om ein går litt attende i tid er døma mange. Oppstanden i Ungarn i 1956, invasjonen av Tsjekkoslovakia i 1968, geriljakrigen mot britane på Kypros fram til 1960, avløyst av det greskkypriotiske kuppet i 1974, etterfølgd av den Tyrkiske invasjonen av øya. All uro i Hellas etter 1945, med borgarkrig til 1949, militærkupp og endeleg styrting av juntaen i 1974, er eit anna døme på ei tilstand nær ufred i Europa dei siste femti åra. Kypros er rett nok geografisk knytt til Lilleasia, men ettersom Kypros vert medlem av EU i 2004, kan øya reknast politisk som ein del av Europa.

Retorikken om Europa i Laeken-erklæringa presenterer òg eit spesielt syn på den historiske, geografiske og politiske utviklinga der verdsdelen Europa vert gjort synonymt med EU-15:

Hvad er Europas rolle i denne forandrede verden? Skal Europa, der nu endelig er blevet samlet, ikke spille en førende rolle i en ny verdensorden, nemlig som en magt, der kan spille en stabiliserende rolle på verdensplan og være et forbillede for mange lande og folk? Europa, et kontinent formet af de humanistiske værdier, Magna Charta, Bill of Rights, den franske revolution og Berlinmurens fald. Frihedens, solidaritetens og navnlig mangfoldighedens kontinent, hvilket indebærer respekt for andres sprog, traditioner og kultur. (Laeken-erklæringa, s.2).

Det er altså Europa som no er samla, og ikkje EU som skal utvide til ein større Union med fleire medlemsland. I ein union med strenge premisser for å verte medlem, er det lite truleg at det er det totalitære Kviterussland som er referansen for det såkalla samla Europa. Om Europa har hatt eit sterkare innslag av humanistiske verdiar i samfunnsforminga enn andre kontinent, i tida frå Magna Charta vart skrivne i 1215 og fram til i dag, er mogleg. Men det bør i så tilfelle stillast spørsmål kring utøvinga av det ”vestlege” humanistiske verdigrunnlaget frå leiarskapet på det europeiske kontinent dei siste 800 åra, både innanfor og utanfor Europa sine grenser. Koloniseringa av Afrika og Asia, med til dømes Belgisk-Kongo og India kan stå som døme på manglande samsvar mellom tenkinga kring humanistiske verdiar og det politisk handverk som kjenneteiknar mykje av Europa sin historiske og kulturelle arv. Innan Europa kan inkvisisjonen, trettiårskrigen og Napoleon-krigane få fungere som døme. Andre verdskrig med holocaust, må kunne reknast som døme på manglande fokus på humanistiske verdiar i forminga av Europa. Europearane si erobring av det amerikanske kontinent taler heller ikkje for spesielt sterk respekt for andre grupper sine språk, tradisjonar og kultur.

Retorikken frå Laeken-erklæringa om at Unionen er Europa, vert følgt opp i utkastet til forfatning, der Europa stort sett vert nytta som nemning på EU. Mellom anna er ikkje forfatninga for Unionen, men for Europa, der det står følgjande i Konventet sin grunnlovstraktat:

som er medlemmerne af Det Europæiske Konvent taknemmelige for at have udformet denne forfatning på vegne af Europas borgere og stater,” (Udkast til traktat om en forfatning for Europa, CONV 850/03, side 4).

Om språkbruken kring Europa versus EU enten speiler det politiske leiarskapet sitt faktiske verdsbilete, eller om det er eit reint lingvistisk og symbolsk verkemiddel for å få EU til å framstå som heile Europa har ikkje forfatternen her noko grunnlag for å ta stilling til. Det er likevel vanskeleg å sjå at ein slik språkbruk både i erklæringar og juridiske dokument for ein avgrensa union på 15 statar kan finne støtte utifrå historiske, geografiske, viteskaplege eller politiske kriterium. Det er nærliggjande å dra parallellar her til USA. I offisielle samanhengar og i formell ordbruk og særskilt i offentlege dokument frå eller retta mot USA, er det referansar til t.d. United States of America, US-army, og sjølv sagt ikkje Amerika som kontinent. I EU sin offisielle språkbruk er derimot Europa no synonymt med EU. Grunnlaget for ein slik retorisk bruk av Europa som EU vert ytterlegare svekkja av demografiske og geografiske forhold i verdsdelen, då Europa samla har ei befolkning på kring 727 millionar fordelt på omlag 44 statar. Til samanlikning har EU-15 ei befolkning på 377 millionar og EU-25 har 450 millionar.

Ein får tru Unionen sin retorikk er ein symbol- og omgrepkamp, og ikkje ei spegling av verdsbiletet til det politiske leiarskapet til Unionen. Men om det å devaluere ein verdsdel politisk- og geografisk utan relasjon til røynda, er måten å oppnå ei betre utvikling og forståing på tvers av dei mange europeiske statane innanfor og utanfor EU, gjenstår å sjå.